

Saksbehandlar: Maj Britt Brendstuen, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 20/7162-10

## Stortingsvalet 2021 - Oppteljing

### Rådmannen rår valstyret til å gjere slikt vedtak:

1. Førebels teljing av førehandsrøyster vert utført av valansvarleg og valmedarbeidarar søndag 12. september.
2. Førebels teljing av valtingsrøyster vert utført av røystestyra ute i krinsane, slik:
  - 0001 Trudvang
  - 0002 Kaupanger
  - 0003 Fjærland
  - 0004 Leikanger
  - 0005 Sagatun
3. Endleg teljing av førehands- og valtingsrøyster vert utført av valansvarlege ved sentral skanningsentral i Leikanger.

Oppteljing vert lagt inn i protokoll som vert lagt fram til valstyret for vedtak.

### Vedlegg:

#### Andre relevante dokument i saka:

- [Vallova](#)

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

Vallova § 10-4 har prinsipp for oppteljing av røystesetlar. Krava gjeld både for røyster gitt på førehand og for røyster gitt på valtinget.

Ansvaret for oppteljinga ligg hjå valstyret, jf. vallova § 10-4 (1). Valstyret avgjer korleis oppteljinga skal skje, som t.d. om det skal vere førebels oppteljing av valtingsrøyster ute på røystestadane, om røystene skal samlast på ein annan røystestad for oppteljing, eller om all oppteljing skal skje sentralt hjå valstyret.

Førebels oppteljing av førehandsrøystene skjer normalt hjå valstyret.

Dersom valstyret overlet førebels teljing av valtingsrøyster til røystestaden, er det eit vilkår at manntalet i kretsen inneheld minst 100 namn, jf. vallova § 10-4 (2). Er det færre enn 100 namn i manntalet, må førebels teljing skje anten hjå valstyret eller på ein annan røystestad.

Vallova § 10-4 (4) sler fast prinsippet om at førehandsrøyster og valtingsrøyster skal teljast opp kvar for seg.

Alle røystesetlar skal teljast to gonger, jf. vallova § 10-4 (5). Sogndal kommune skal såleis føreta førebels oppteljing av både førehandsrøyster og valtingsrøyster, men teljinga skjer på ulikt tidspunkt. Sogndal kommune skannar røystesetlane. Dette endrar ikkje krav om teljing i to omgangar.

Reglar for førebels teljing finst i [vallova § 10-5](#). Reglar for endeleg teljing finst i [vallova § 10-6](#).